

Godt skulekorps på Uskedals-besøk.

09.01.2016



Fitjar skulekorps øver i hallen.

I helga vert det mykje god korpsmusikk å høyra i skulen og Aktivitetshuset. Uskedal skulemusikk har besøk av Fitjar skulekorps som er blant topp 10 av skulekorpsa i brassbandklassen i landet. Begge korpsa har øvingsseminar som også har tid til samanrisling og sosialt samvær. Helga vert avslutta med konsert søndag kl.13.00.



Grov messing i Fitjar skulekorps.

Fitjar skulekorps har hatt ei imponerande utvikling dei siste åra. Då Svein Roger Koppang overtok som dirigent for 8 år sidan hadde korpset berre 12-13 musikarar. Etter det har det berre gått framover.

Korpsleiar og 'potet' i Fitjar skulekorps Erling Prestbø fortel at korpset har vorte gradvis bygt opp gjennom desse åra.

- Det første Svein Roger gjorde var at han stilte krav til musikantane. Det vart t.d. slutt på unødvendig prating på øvingane. Det la eg merke til at Tor også er nøyne med her.

Han fortel vidare at dirigenten har vore svært flink å ta vare på aspirantane som har kome inn i korpset. Medan mange skulekorps har juniorkorps i tillegg til hovudkorps og aspirantar, går musikarane til Fitjar rett inn i hovudkorpset etter eit år som aspirant.

No er det svært få av dei som har vore aspirantar som sluttar. Dei kjem inn i hovudkorpset, og dei aller fleste blir.

Han fortel elles om ei svært aktiv og positiv foreldregruppe. Nokre av dei har tidlegare spela i Fitjar skulekorps i stordomstida under Karl Gloppe. Andre har byrja som aspirantar i godt vaksen alder for å verta med i Fitjar Musikklag. Dei prøver å ha kjekke arrangement som er med og styrkjer det sosiale fellesskapet i korpset.

Som motivering har dei også til tider hatt heimeøvingskonkurransar då det er viktig å få arbeidd inn gode heimeøvingsrutinar. I oppbyggingsperioden har dei også delteke i konkurrancespeling.

- Vi pleier å vera med på ein konkurranse om hausten, og dei siste 5 åra har vi delteke i NM på forsommaren, fortel Erling Prestbø.

NM-resultata understrekar den flotte utviklinga til korpset. Etter nokre år i 3.divisjon, fekk korpset ein imponerande 2.plass i 2.divisjon i 2014, før dei gjekk heilt til topps i fjar.

Då eg snakka med Erling Prestbø, slo det meg at både dirigenter og foreldregrupper i dei to korpsa har mykje felles i måten dei arbeider på. At Fitjar er komne så godt av garde, må vera inspirerande for skulemusikken vår. Mulighetene for vidare utvikling er verkeleg til stades. Denne helga er ein del av denne utviklinga! Eg gleder meg til å høyra dei to korpsa på konserten på søndag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland